**VOLDA KOMMUNE**
**Avdeling for dokumentasjon og service**

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

| Vår referanse | Din referanse | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| 20/2562 22/17991 | | Sonja Håvik | 21.09.2022 |

**Melding om vedtak - Revisjon av vilkår for regulering av Åmelavassdraget i Vanylven og Volda kommunar**

Formannskapet har i møte 20.09.2022, sak 151/22, fatta følgjande vedtak:

Volda kommune har vurdert revisjonsdokumentet om regulering av Åmelavassdraget.
NVE har gjort vedtak om revisjon av konsesjonsvilkåra for Åmelavassdraget. Dag Aamelfot har i skriv hatt merknader til m.a. minstevannføringa i Åmela. Når NVE først har gjort vedtak om revisjon av konsesjonsvilkåra vil Volda kommune be om at merknaden frå Dag Amelfot vedkomande minstevassføring i Åmela vert vurdert i samband med revisjonen.

Med helsing

Sonja Håvik
rådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Dag Aamelfot

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| Vanylven kommune | Rådhusvegen 1 | 6143 | Fiskå |

Vedlegg
Høyring av revisjonsdokument for Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommuner, Møre og Romsdal.PDF
Høyring av revisjonsdokument for Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommuner, Møre og Romsdal
Infoark.PDF

Vedlegg
Ber om auka minstevassføring i samband med revidering av konsesjonsvilkår for Åmelavassdraget

Volda kommune

**Vår referanse:** 20/2562 22/16122
**Saksbehandlar:** Asbjørn Moltudal
**Dato:** 29.08.2022

# Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 151/22 | Formannskapet | 20.09.2022 |

**Revisjon av vilkår for regulering av Åmelavassdraget i Vanylven og Volda kommunar**

**Samandrag:**
Frå NVE har Volda kommune fått oversendt revisjonsdokument for regulering av Åmelavassdraget i Vanylven og Volda kommunar I NVE-rapport 49/2013 - om vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022 vart ikkje Åmelavassdraget prioritert for revisjon.

På bakgrunn av krav frå Vanylven kommune og føringar frå NVE vedtok NVE i mai 2021 at konsesjonsvilkåra for Åmelavassdraget skal reviderast.
Tussa Energi AS har utarbeidt eit revisjonsdokument som beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside **www.nve.no/konsesjonssaker.**

NVE sitt vedtak om åpning av revisjon, innleiinga/samandraget av revisjonsdokumentet d.s. juni 2022 frå Tussa, samt merknad frå Dag Aamelfot frå 03.08.2022 fylgjer saka som prenta vedlegg.

Saka er sendt på høyring med **frist 1. november 2022**.

**Formannskapet 20.09.2022**

**Behandling:**

Røysting (9 røysteføre)
Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

**FSK - 151/22 Vedtak**

Volda kommune har vurdert revisjonsdokumentet om regulering av Åmelavassdraget.
NVE har gjort vedtak om revisjon av konsesjonsvilkåra for Åmelavassdraget. Dag Aamelfot har i skriv hatt merknader til m.a. minstevannføringa i Åmela. Når NVE først har gjort vedtak om revisjon av konsesjonsvilkåra vil Volda kommune be om at merknaden frå Dag Amelfot vedkomande minstevassføring i Åmela vert vurdert i samband med revisjonen.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Volda kommune har vurdert revisjonsdokumentet om regulering av Åmelavassdraget.
NVE har gjort vedtak om revisjon av konsesjonsvilkåra for Åmelavassdraget. Dag Aamelfot har i skriv hatt merknader til m.a. minstevannføringa i Åmela. Når NVE først har gjort vedtak om revisjon av konsesjonsvilkåra vil Volda kommune be om at merknaden frå Dag Amelfot vedkomande minstevassføring i Åmela vert vurdert i samband med revisjonen.

**Vedlegg:**
Høyring av revisjonsdokument for Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommuner, Møre og Romsdal.PDF
Høyring av revisjonsdokument for Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommuner, Møre og Romsdal
Infoark.PDF
Ber om auka minstevassføring i samband med revidering av konsesjonsvilkår for Åmelavassdraget

**Saksopplysningar:**
Frå NVE har Volda kommune fått oversendt revisjonsdokument for regulering av Åmelavassdraget i Vanylven og Volda kommunar. I NVE-rapport 49/2013 - om vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022 vart ikkje Åmelavassdraget prioritert for revisjon, men med bakgrunn av krav frå Vanylven kommune og føringar frå NVE vedtok NVE likevel i mai 2021 at konsesjonsvilkåra for Åmelavassdraget skal reviderast. Krava gjeld minstevannføring og biotopjusterande tiltak i elvane Åheimselva og Nordalselva i Vanylven og Volda kommune meinte at desse krava i liten grad omhandla vår kommune.

Tussa Energi AS har såleis utarbeidt eit revisjonsdokument som beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside **www.nve.no/konsesjonssaker**.

I vedtaket om åpning av revisjon d.s. 25.05.2021 frå NVE (side 2) går det fram at også Dag Aamelfot ( eigar av gbr. 133/1 i Åmelfot,Volda kommune) i brev til NVE 03.08.2020 har framheva at *"minstevannføring vil reetablere **Åheimselva** som lakseførande elv og skape eit attraktivt rekreasjonsområde. "*

Dette må truleg basere seg på ei mistyding. Volda kommune har fått ein kopi av ovannemnde brev og dette brevet omhandlar minstevassføring i Åmela og ikkje i Åheimselva.

Saka med dokument har vore lagt lagt ut til høyring, annonsert i lokalpressa og ligg og ute på kommunen sine heimesider og i kommunen sin ekspedisjon.

**Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren viser til at kommunen tidlegare har svart NVE og meint at minstevannføring og biotopjusterande tiltak i elvane Åheimselva og Nordalselva i Vanylven og Volda kommune i liten grad omhandla vår kommune og har såleis ikkje så mykje å merke til saka. Når Dag Amelfot i skriv til NVE som kommunen er blitt gjort kjent med påpeikar forholdet om minstevannføring i Åmela og at NVE tok opp saka om revisjon av Åmelavassdraget, finn kommunedirektøren likevel at NVE i saka også vurderer dei momenta som Aamelfot i sitt skriv påpeikar om Åmela.

Rune Sjurgard
Kommunedirektør

**Utskrift av endeleg vedtak**:
NVE
Vanylven kommune
Dag Aamelfot